



FAGFORBUNDET

BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET	
Aktivkode:	710
Dato:	18.04.11
Saksnr:	20 1100193 - 47

Det Kongelige Barne- likestillings- og inkluderingsdept.  
v/ Kjell Østby  
pb 8036 dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
201100193/SV1

Vår ref / Sakshandsamar  
11/1581-2 F30 &13  
Ingrid Buset / tlf.

Dato:  
14.04.2011

## HØRINGSSVAR - FORSLAG TIL BOSETTINGSORDNING FOR FLYKTNINGER MED MÅL OM RASKERE BOSETTING

Fagforbundet har mottatte høyringsbrevet "Forslag til bosettingsordning for flyktningar med mål om raskere busetting". Fagforbundet vil i hovudsak støtte forslag til endring, men gi nokre innvendingar og kommentarar nedanfor.

Fagforbundet meiner at utgangspunktet bør som i dag vere at det å busette flyktningar skal vere basert på kommunale avgjersler, og at tilvising berre bør skje når kommunane i eit fylke samla sett ikkje blir einige om å busette det antall flyktningar dei blir bedt om. Vi vil understreke, som også er understreka i høyringsbrevet, at raskare busetting kan bidra til at flyktningane blir raskt sjølvhjelpet og i arbeid, noko som både staten, kommunane og den enkelte flyktning er tent med.

### VI.2

Fagforbundet vil støtte forslaget om at kommunane let KS i det enkelte fylket utarbeide forslag til fordeling på kommunar med IMDi som sekretariat, då vi meiner at dette er ei fornuftig og avbyråkratiserande endring, som kan vere med å nå målet om kortare ventetid.


### VI.3, VI.4, VI.5 og VI.6

Fagforbundet vil støtte forslaget om at fylkesmannen innkallar kommunane for å forsøke å finne løysing i tilfella der det er er usemje om fordelinga innan eit fylke. Fagforbundet vil her understreke at det er vesentleg å iverksetje mekanismar for samordning mellom fylka før tilsettingsretten vert nytta. Fagforbundet ser behovet for at fylkesmannens tilvisingsrett, men understrekar at frivillige løysingar må nyttast før tvang, og at ein derfor f.eks. må undersøkje om det er ledig kapasitet i kommunar i andre fylker, og at fylkesmannen sjekkar med IMDi at busettingsbehovet ikkje har endra seg. Vi vil støtte at fylkesmannen skal søke å ta omsyn til tungtvegande grunnar til å reservere seg mot å ta i mot flyktningar.


VI.7

Fagforbundet meiner at kommunane skal få rimeleg tid til å førebu seg til å motta flyktningar. Men, vi mener at 2 månadar etter at vedtak er fatta må vere tilstrekkeleg lang frist, i forhold til målet om å nå fristen/korte ned ventetida særleg for einslege mindreårige asylsøkarar.

Med helsing  
FAGFORBUNDET  
Utredningsenheten



Jan-Tore Strandås  
leiar



Ingrid Buset  
rådgivar